Samtykkeskjema for føresette

# Vaksinering av barn og ungdom under 16 år

FHI
Folkehelseinstituttet

## Om covid-19

Covid-19 gjev i hovudsak luftvegsinfeksjon, men kan også gje symptom frå andre organ. Eldre og vaksne med kroniske sjukdomar har størst risiko for å få alvorleg covid-19-sjukdom. Barn som blir sjuke har oftast eit lett forløp med milde og kortvarige luftvegssymptom. Ungdom får oftare meir generell sjukdomskjensle, hovudverk og muskelsmerter. Risiko for alvorleg sjukdom hos barn og ungdom er låg. Vaksinasjon vil likevel bidra til å verne dei som kan bli alvorleg sjuke om dei blir smitta, i tillegg til å minske smitten i samfunnet.

## Om vaksinane

mRNA-vaksinane Comirnaty (BioNTech og Pfizer) og Spikevax (Moderna) er godkjende til bruk frå 12 år. Vaksinane inneheld ikkje levande virus og kan ikkje gje koronainfeksjon. For ungdom 12-15 år (årskulla 2006 – 2009) tilrår vi éin dose. Eldre ungdom er tilrådd to dosar med 8-12 vekers intervall. To dosar er også tilrådd til barn med alvorleg grunnsjukdom og eventuelt til somme barn med annan tilleggsrisiko etter vurdering av lege. For dei av dykk som tidlegare har gjennomgått covid-19 i alderen 12-15 år anbefalast foreløpig ikkje vaksinering, mens ungdom 16-17 år får tilbod om ein vaksinedose. Vernet mot alvorleg sjukdom er godt allereie tre veker etter første dose.

Dei aller fleste biverknadene oppstår 1-2 dagar etter vaksinasjon, er milde/moderate og går over etter nokre dagar. For somme vil symptoma kunne vere meir kraftige. Desse vaksinane ser ut til å gje meir av dei vanlege biverknadene enn det ein er vand til for andre vaksinar. Vanlege biverknader er smerter og heving på injeksjonsstaden, ein er trøytt, har hovudverk, muskelsmerter, frysningar, leddsmerter og feber. Allergiske reaksjonar førekjem hos somme. Det er god kunnskap om vanlege biverknader etter vaksinasjon, men sjeldne biverknader kan ikkje utelukkast.

Betennelse i hjartemuskelen (myokarditt) kan i sjeldne tilfelle oppstå etter vaksinasjon med mRNA-vaksine. Tilstanden oppstår oftast innan ei veke etter andre dose, og er forbigåande slik at dei fleste blir friske innan éin månad. Tilstanden gjev brystsmerter, tungpust, hjartebank og feber. Ved slike symptom må ein oppsøkje lege og få ungdomen undersøkt. Norske hjartelegar har vurdert at covid-19-sjukdom kan gje meir alvorleg hjartepåverknad hos somme, enn det som kan oppstå etter vaksinen, og at denne biverknaden ikkje bør hindre ungdom i å få tilbod om vaksine. Les meir om vaksinane på fhi.no

## Før vaksinasjon

Om barnet eller ungdomen ikkje har fylt 16 år, må føresette **samtykke til vaksinering. Ved felles foreldreansvar må begge samtykke.** Også barn under 16 år har rett til å få informasjon og skal høyrast ut frå kor gamalt og modent det er. Forenkla informasjon med teikningar finn du i brosjyren «Koronavaksine for ungdom 12-15 år». Gje beskjed dersom barnet tidlegare har hatt alvorleg reaksjon, eller har fått anna vaksine for mindre enn ei veke sidan. Kva for helseforhold som gjer at ein ikkje bør ta vaksine eller at det trengs ekstra vurderingar, står oppnemnt i eigenerklæringsskjema.
Utdjupande informasjon finn du på fhi.no

Riv her

Namnet på barnet : _____ Fødselsdato: _____

Eg/vi ønskjer at barnet mitt/vårt:
- ☐ vaksinerast mot covid-19
- ☐ ikkje vaksinerast mot covid-19

Føresette med foreldreansvar: Føresett 1: _____ Føresett 2: _____

Føresett 1: Fullt namn (skriv tydeleg): _____

Føresett 1: underskrift: _____ Telefonnummer: _____

Foresatt 2: Fullt namn (skriv tydeleg): _____

Føresett 2: underskrift: _____ Telefonnummer: _____

Evt informasjon om barnet til vaksinatør: